



**Prosjektplan:**

## **4H = nærmiljøet mitt**

Målgruppe: Barn og ungdom i Hordaland

Prosjektperiode: 1. februar til 1. mai 2018

**BAKGRUNN FOR PROSJEKTET:**

4H Hordaland består av vel 1000 medlemmer frå 10 – 26 år og 130 klubbbrådgjevarar som er aktive i til saman 40 klubbar over heile fylket. 4H har som føremål å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

4H er ein medlemsstyrt organisasjon kor medlemmane sjølv avgjer kva dei vil utforske og tilegne seg kunnskap om. Dette speglar seg særleg gjennom aktivitetane i klubbane og medlemmene sitt val av 4H-prosjekt. Viktigste oppgåva på fylkesnivå er å skape møtestader og inspirere til nye møter og idéar. Derfor arrangerer vi fleire store og små helgesamlingar gjennom året.

Satsingsområdet i 4H Norge 2018 er «nærmiljøet mitt». I 4H Hordaland ser vi eit behov for å styrke banda og samhaldet både mellom klubbane, medlemmane og dei vaksne. Hordaland har alltid vore eit svært sterkt 4H-fylke, men omorganisering av 4H og endring i samfunnet har nok svekka samkjensla og sjølvtiliten. Vi treng derfor eit sterkare fokus på dette i åra som kjem.

**INNHALD/TILTAK I PROSJEKTET:**

Våren 2018 har 4H Hordaland lyst til å gjennomføre tiltak på fleire ulike arenaer:

**Superhelg i februar:**

a) Klubbbrådgjevarsamling:

Inspirasjonssamling for klubbbrådgjevarar og andre vaksne i 4H

b) Superkurs:

Organisasjonskurs for barn og unge i medlemsalder (10-26 år).

**Storkurs i mars/april:**

Helgekurs for medlemmer frå 12-26 år. Medlemmene kan velje mellom ulike temakurs i alt frå stell av hest og sau til strikking eller foto. Innhaldet på kursa har ofte utgangspunkt i 4H sine prosjekthefter.

Vi ønsker å gjennomføre tre ulike tiltak:

### 1) 4H betyr for meg...

I løpet av superkurset ønsker vi å gjennomføre eit opplegg som skal få medlemmene meir medvitne og stolt over kva 4H er og betyr for dei. Opplegget skal også føre til sterkare samhald og gruppekjenle. Metoden vi vil bruke er henta frå [www.prosjekthåndboka.no](http://www.prosjekthåndboka.no), og går kort forklart ut på å samle og presentere medlemmene sine ord og tankar om kva 4H betyr for dei.

Resultatet vil også bli presentert for dei vaksne på klubbrådsgjevarsamlinga, samt på Storkurset.

### 2) Inspirasjonsforedrag

Vi ønsker å invitere ein ekstern inspirator til klubbrådsgjevarsamlinga. Foredraget skal ha ideutvikling som utgangspunkt. Hovudmålet er å gjere dei vaksne i 4H stolt over å vere ein del av 4H og arbeidet dei gjer for barn og ungdom i sitt nærmiljø.

### 3) Kultur som sosial aktivitet

Både Superhelg og Storkurs handlar om læring, men også om nye vener og sosialt samvær. Vi ønsker å stimulere til meir samhandling og fleire nye vener gjennom kulturaktivitetar.

Små og overraskande kulturinnslag: Vi ønsker å invitere ein eller fleire artistar til å bryte inn i programmet/undervisninga med korte innslag (maks 5 minutt) med song eller teater.

Kultur som sosial aktivitet: På kveldane ønsker vi å stimulere deltakarane/medlemmene til å delta i aktivitetar organisert av dei same artistane dei har sett på dagtid. Dette kan vere teaterleik, «open scene», allsong, e.l. Dette er sjølvstilt frivillig å delta i.

## BUDSJETT OG FINANSIERINGSPLAN

	Inntekter	Utgifter
Støtte Fylkeskommunen	40 000	
Amatør-kultur		
Egenandel, 4H Hordaland	13 000	
Honorar, artist(ar)		20 000
Reise og overnatting		10 000
Diverse		5000
Inspirasjonsforedrag		10 000
Administrasjon		8000
	53 000	53 000

*Ta gjerne kontakt om de har spørsmål eller treng fleire opplysningar.*

Med helsing  
4H Hordaland

v/Synnøve Jørgensen, regionleiar for 4H Hordaland og Rogaland